

## **Forskrift om nedsett konsesjonsgrense etter konsesjonslova § 7, Bykle kommune, Agder**

**Heimel:** Fastsett av Landbruksdirektoratet 27. august 2019 med heimel i [lov 28. november 2003 nr. 98](#) om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven) mv. § 7 første ledd, jf. [delegeringsvedtak 28. november 2003 nr. 1401](#), jf. overføringsvedtak [8. desember 2003 nr. 1479 § 6](#).

### **§ 1.**

Konsesjonsfridomen etter [konsesjonslova § 4](#) første ledd nr. 4 blir sett ut av kraft i område i Bykle kommune som nemnt i § 2 for:

- Bebyggd eigedom som er eller har vore i bruk som heilårsbustad.
- Eigedom med bebyggelse som ikkje er teke i bruk som heilårsbustad, herunder eigedom med bebyggelse under oppføring, i områder som i reguleringsplan etter plan- og bygningslova er regulert til bustadsformål.

### **§ 2.**

Forskrifta gjeld desse områda i Bykle kommune:

1. Områderegulering for Bykle sentrum planID 201012, vedteken 22.06.2013:

- a) Felt ABB 10-12,
- b) Felt ABB 14-16,
- c) Felt ABB 17-20,
- d) Felt ABB 21-23,
- e) Felt ABB 24 unnateke gnr./bnr. 15/93
- f) Felt ABB 25
- g) Felt ABB 28-32
- h) Felt ABB 33-36.

2. Hovden:

- a) Detaljregulering Stussli bustadfelt planID 201308, sist endra 30.05.2022, felt B1-B21, BL2, BL7 og nye bustader innanfor felt KBA6
- b) Detaljregulering Austmannlii bustadfelt planID 199401, vedteken 27.10.1994
- c) Detaljregulering Kvennebekken bustadfelt planID 200206, vedteken 26.08.2002
- d) Detaljregulering Røyrvikåsen bustadfelt planID 200607, vedteken 26.04. 2007
- e) Detaljregulering Hartesynt bustadfelt planID 201604, vedteken 30.05.2018

**§ 3.**

Konsesjonsfridomen etter [konsesjonslova § 5](#) første ledd nr. 1 vert sett ut av kraft for Bykle kommune for eigedomar som vert omfatta av § 1 og § 2.

**§ 4.**

Denne forskrifta trer i kraft straks. Frå same dato blir forskrift [27. august 2019 nr. 1086](#) om nedsett konsesjonsgrense etter [konsesjonslova § 7](#), Bykle kommune, Aust-Agder oppheva.